



Jan Atle Kaland Jacobsen
Haukedalen 122
5121 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8566 - 20/34014

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
08.06.2020

Vi treng fleire opplysningar for å behandla søknaden om bod - gbnr 61/15 Skotsund

Tiltak: Bod
Byggjestad: Gbnr: 61/15
Tiltakshavar: Jan Atle Kaland Jacobsen

Vi treng fleire opplysningar for å behandla søknaden din om bod , mottatt 27.04.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Godkjent søknad om dispensasjon

frå byggegrense mot fylkesveg. Denne byggegrensa er 50 meter frå midten av vegen. Du må søka på heimesida til Vestland fylkeskommune og senda svaret til oss.

Byggegrensa var tidlegar sett til 15 m i kommuneplanen. Den nye Kommunedelplan for lindås 2019 – 2031 har ikkje reglar om byggegrensar frå fylkesveg. No er det veglova som gjeld.

Kommunen ber om at tilleggsmåling vert sendt inn **innan 09.07.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Saksbehandlingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Sidan du ikkje hadde godkjent dispensasjon vedlagt søknaden,
er vår saksbehandlingsfrist 12 veker.**

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jan Atle Kaland Jacobsen Haukedalen 122 5121 ULSET

Mottakarar:

Jan Atle Kaland Jacobsen Haukedalen 122 5121 ULSET